



Referat medlemsmøte Leikanger båtlag 09. mars 2023.  
Følgjande saker vart lagt fram:

### **1 Orientering/informasjon frå styret**

Leiar informerte om status for båtlaget.

### **2 Dugnad-dugnadsoppgåver**

Det vart understreka at utført dugnadsarbeid og oversikt over deltakarar skal meldast inn til hamnekomiteen.

Aktuelle dugnadsoppgåvert vart diskutert:

Oljing av bryggene.

Lappa hol i asfalten.

Skjerming av slippen mot sjøen.

Støypekantsikring mot sjøen ved innkjørsel.

Skifta til LED-pærer på gatelysi.

Skifte kjettingar(ikkje på dugnad).

### **3 Ymse**

Kasserar oppmodar medlemene om å betal avgiftene i tide, slik at ein slepp arbeidet med å senda ut purringar.

Kontingent og bankkontonummer skal leggjast ut på heimesida til båtlaget.

Det same gjeld årsmøteprotokoll og referat frå medlemsmøter.

Det vart diskutert å innføra godtgjersle for styreverv med stor arbeidsbelastning. Dette må i sofall fremjast av styret på årsmøte.

John Svanevik/referent (sign)